


Kyrka i nytt landskap. En studie av levd ekklesiologi i Svenska kyrkan



Andreas Holmberg

Kyrka i nytt landskap. En studie av levd ekklesiologi i Svenska kyrkan
Artos Academic Åbo 2019

Av Kari Veiteberg, biskop i Oslo bispedømme

Har du nokon gong opplevd at kartet ikkje stemmer med terrenget?

Spørsmålet er det første lesaren møter i avhandlinga til Andreas Holmberg, den svenske presten som frå 2019 er biskop i Stockholm. Holmberg fortel at dette er ei erfaring han har gjort seg. Det gjorde han i løpet av dei sju åra frå 2005 til 2012 då han var prest i Norra Botkyrka, nord i Stockholm. Han erfarte at den kyrkja som Kyrkans Tidning skildra, var ei heilt anna enn den Svenska kyrkan som utfalda seg i det området han var prest i. Området var prega av eit stort kulturelt og religiøst mangfald og talet på kyrkjemedlemmer var lågt.

Norra Botkyrka er med i nettverket Framtiden bor hos oss (FBHO). Nettverket blei danna allereie i 2000 og våren 2018 var 22 kyrkjelydar i Svenska kyrkan med. Dei har det til felles at dei er lokalisert i byområde med stort trus- og livsynsmangfald og der få er medlemmar i Svenska kyrkan.

Det er kyrkjene i dette FBHO-nettverket som er gjenstand for refleksjon og teologisk bearbeiding i boka.

Spørsmålet Holmberg stiller er: Kva bidrag gir den levde ekklesiologien i desse kyrkjelydane til samtidig svensk-kyrkjeleg ekklesiologi? Kva skjer med Svenska kyrkan når fleire og fleire i ein lokalkyrkjelyd har bakgrunn frå andre kyrkjetradisjonar enn den i Svenske kyrkan og korleis påverkar dette Svenske kyrkans identitet?

Eg har lese denne avhandlinga med stor interesse. Dette er jo utfordringar vi til dagleg snakkar om også i kyrkjene i Oslo. I fjor inviterte vi Andreas Holmberg til bispedømmet vårt og i etterkant har vi oppretta ei prosjektgruppe for «Framtiden bor hos oss» i Norge. No har jo fleire kyrkjeleg tilsette i Oslo bispedømme både reflektert over og arbeidd og praktisert religionsteologi og «kyrkjefolksekumenikk» i ei årrekkje. Men denne vinden frå Svenska kyrkan og denne avhandlinga eg no har lese gjennom for andre gong, er svært inspirerende og til god hjelp for oss som driv og er kyrkje i mangfalds-Oslo.

Boka er på 384 sider med innleiing og to hovudbolkar: »Levd ekklesiologi

i Svenska kyrkan» og «Bidrag till svenskkyrklig ecklesiologi.» Etter ein avsluttande kommentar, følgjer eit engelsk samandrag og appendiks med intervju, intervjuguide og fokusgruppeguide.

Fem hovudspørsmål

Holmberg framstiller eit rikt empirisk materiale i den første bolken. Materialet er henta frå tre kjelder: Vårby Gård, Bergsjö og den kjelda som nettverket i seg sjølv utgjer. Vårby Gård kyrka ligg i Stockholm og innafor kyrkjelydsgrensene er 19 % medlemmar i Svenska kyrkan. Bergsjö med eit medlemstal på 16 %, ligg i Göteborg. Den siste kjelda inneheld utvalde røyster frå nettverket FBHO.

I møte med denne empirien har Holmberg formulert fem hovudspørsmål som i boka utgjer fem kapittel. Først spør han kven det er som framstår som «vi» i kyrkjelyden. Svaret er ikkje å finne i eit skilje mellom medlemmar – og ikkje-medlemmar. «Vi» er derimot dei av oss som til ei kvar tid er samla. Holmberg spør korleis desse som utgjer eit «vi» tenkjer om kyrkjeidentiteten sin. Det viser seg at Luther er relativt ukjent blant fleire av dei: Ja, «vad er Luther?» (side 122)

Nemninga «folkekyrkje» dukkar også sjeldan opp som ein identitetsmarkør, bortsett frå når det gjeld å illustrere openheita, at dette skal vere ei open kyrkje for alle.

Både i Bergsjö og Vårby har fleirtalet av dei som er samla til gudsteneste røter i ein annan kristen tradisjon enn den evangelisk-lutherske. Som oftast kjem dei frå orientalske, ortodokse eller katolske kyrkjer. Holmberg observerer frå gudstenestene at nokre krossteiknar seg, nokre fell på kne og andre ikkje.

Dei som leier gudstenestene er

medvetne om dette, hevdar han, og han kallar det «kyrkfolksekumenikk» (side 130). Økumenikken har flytta inn i kyrkjelyden! Folk i nabolaget oppsøker den lokale kyrkja, det kyrkjebygget som ligg nærast der dei bur. Det verkar som om det er tilstrekkeleg å vite at det er ei kristen kyrkje. Det er ikkje så viktig om ho er ortodoks eller katolsk. Kva er det så som kjenneteiknar livet i kyrkjelyden? Her skårar fellesskapet høgt. Då er det ikkje så overraskande at det å bygge fellesskap blir sett på som

kyrkjelyden si hovudoppgåve. Gudstenester og diakoni er gjennomgangstema.

Det siste spørsmålet som søker svar er korleis desse kyrkjelydane forhold seg til omverda. Her kjem det tydeleg fram at sjølvbildet har endra seg frå tidlegare tider. For desse kyrkjene er den tida er forbi, då kyrkja var den store og sterke.

Mange av oss kjenner Bergsjö gjennom den norske teologen Trygve Wyller. I ein artikkel som Holmberg også referer til, «Heterotopisk ekklesiologi: Når kirkens rom blir mindre og de papirløses rom blir større», reflekterer Wyller over det frivillige helsenettverket *Rosengrenska* Stiftelsen som held til i kyrkja og er opent kvar onsdag kveld. Wyller argumenterer for at det konkrete rommet skapar verdighet og inspirasjon til endring. Rosengrenska i Bergsjö driv helseklinikk for papirlause migrantar og kyrkjelyden stiller med eigne frivillige og tilbyr mat og klede. Holmbergs avhandling konsentrerer seg om gudstenestelivet og har derfor eit anna innsteg til Bergsjö enn det Wyller har. Eg vil seie det sånn: Der Wyller ser glimt av ei felles menneskelighet, snakkar Holmberg om «en öppen kyrka». Holmberg nemner

Rosengrenska, men då som eitt av dei tiltaka som gjer Bergsjö til ein open kyrkjelyd. I tillegg til Rosengrenska for papirlause ein kveld i veka, er døra open i Bergsjö, frå 1000 til 1600 tysdag til fredag. Der er second hand, lønsjar, mat- og brøutdeling. Kyrkja er bokstavleg og ekklesiologisk tala, open.

Denne openheita manifesterer seg ikkje på same måte i Vårby Gård. Her er nemleg kyrkja ofte lukka i heilt konkret forstand. Men Holmberg løftar fram to praksisar som han meiner gjer kyrkjelyden til ein meir open kyrkjelyd enn mange andre: Kvar siste søndag i månaden avsluttar ein gudstenesta med at alle syng «Ja, må hon leva.» Det er eit høgdepunkt for alle som har fødselsdag den månaden og det ventar kake etterpå! Kvar gudsteneste i Vårby Gård opnar med eit «God morgon» der kvar og ein blir oppmoda til å helse på ein annan (side 208).

Den første bolken blir avrunda med å konstatere at dåp og konfirmasjon skårar lågt i dei studerte kyrkjelydane. Holmberg spør her kvifor barn og ungdom frå familiar med låg inntekt i mindre grad enn dei meir velståande blir døypt og konfirmert.

Om ein tek utgangspunkt i kyrkjelege handlingar, er Svenska kyrkan i ferd med å bli ei mellomklassekyrkje, hevdar han (side 213).

Levd ekklesiologi

Den andre bolken fangar opp mange av dei bitane levd ekklesiologi som Holmberg meiner å ha identifisert. Funna og røystene frå den første bolken tvingar fram fornya refleksjon som vonleg vil forme og påverke teologien i det heile og særskild samtidig svenskkyrkjeleg ekklesiologi. Her ønsker han å teikne det

kartet som han innleiingsvis skreiv han sakna.

I denne bolken hentar han inn bidrag og refleksjonar stort sett frå svenske teologar som Ragnar Persenius, Jon Eckerdal, Ninna Edgardh, Anne-Louise Eriksson, Annika Wirén, Jonas Idestrom og Ann Aldén for å nemne dei fleste. Frå alle desse hentar han refleksjonar han er samd med og som etter hans syn kastar lys over funna. Den einaste han kan vere litt kritisk til er Einar Billing, Ragnar Persenius og nokre av dei få internasjonale bidraga. Dei siste viser seg nemleg å vere utfordrande å gjere bruk av fordi omgrepa ikkje er tenlege på svensk. Det gjeld særleg den franske jesuitten og samfunnsvitaren Michel Certeau sine omgrep «strategi» og «taktikk».

Det er ikkje overraskande at det frå første bolken veks fram eit kyrkjesyn som er tufta på fellesskap, koinonia. Det svenske narrativet om folkekyrkja som kjem frå Einar Billing, meiner Holmberg er utdatert. Med hjelp av Edgardh, som i si avhandling «Feminism och liturgi» faldar ut koinonia som det å skape gjestfrie og livgivande fellesskap, slår han eit slag for at ein slik koinonia-eklesiologi er tenleg i dagens situasjon. Frå Anne-Louise Eriksson hentar han det ho kallar kyrkjedemokrati-modellen. Det er ein modell som understrekar at dei som i den lokale kyrkja blir tiltalt som ein del av fellesskapet, er ein del av den lokale kyrkja, same kva samfunnsbakgrunn og trustradisjon vedkommande ber med seg.

Det pankristne

Noko av det som er nytt i denne avhandlinga, er det Holmberg kallar det pankristne. Fenomenet og denne språkbruken finn vi ikkje så mykje av i

Oslo bispedømme? Eller kanskje er det ein dekkjande karakteristikk for nokre av dei større gudsteneste-fellesskapa i Oslo sentrum som trekkjer til seg mykje ungdom? Hos Holmberg er pankristen ein post-konfesjonell tilstand som set ord på dei konkrete vala til menneske med ulik bakgrunn som tek i bruk den lokale kyrkja, den kyrkja som ligg nærmast der ein bur. Der finst det barneaktivitet, musikk og gudstenester som dei vil ta del i.

Kyrkjeleiinga i desse kyrkjene seier velkommen og freistar å opne opp. Når Holmberg drøftar omgrepet «pankristen» tek han i bruk den amerikanske katolske misjonsteologen Robert J. Schreiter. Schreiter skriv om hybride religiøse identitetar. Om det ligg sprengstoff i denne avhandlinga, så må det vere å finne i dette pankristne. Den pankristne utviklinga kan kome til å mane fram ein ny reformasjon i Svenska kyrkan, hevdar Holmberg. Midt i evangelisk-lutherske kyrkjelydar veks det fram eit pankristent fellesskap som nødvendigvis fører til ei nytolking og omprøving både av etablert teori og praksis. Ja, det er her det nye kartet kjem til syne: i det Holmberg kallar ein «kyrkfolksekumenik».

Men det er eit viktig aspekt ved den levde ekklesiologien som gjenstår. I det åttande kapitlet handlar det mest om folk med ulike trustradisjonar. I kapittel ni kjem spørsmålet om korleis kyrkjelyden skal forhalde seg til muslimar, buddhistar og sikhar i kyrkja (side 297). Forfattaren leitar etter svar gjennom å granske kva Svenska kyrkan uttalar i offisielle dokument og viser særleg til religionsteologen Kajsa Ahlstrand som i føreordet «Sann mot seg sjølv - åpen mot andra» gjer greie for ulike ståadar, utan å seie kva ho sjølv føretrekkjer.

Holmgren har stor nytte av Annika Wiréns «Jesus frå Rinkeby. Tankar kring en lokalpastoralteologi» som er skriven utifrå hennar eiga erfaring som prest i forstaden Rinkeby i Stockholm. Gjennom Holmberg si utgreiing får vi her ein nyttig presentasjon av dei kriteria han etter kvart også lét oss få møte i biskopsbrevet «De kyrkliga handlingarna i en mångreligiös kontext.» Wirén og biskopane er opptatt av å finne fram til kriterie for god pastoral handtering.

I det nye religiøse landskapet møter kyrkja ei mengd ulike situasjonar som ikkje let seg handtere med detaljerte reglar. Wirén presenterer tre ulike kriterie: Det pragmatiske, det kristosentriske og det konfesjonelle kriteriet.

Ei anna som er til stor hjelp for Holmberg, skriv som Wirén også ut frå ein FBHO-kontekst. Det er presten og misjonsteologen Ann Aldén som har verka i eit område i Malmö som ein del av oss har høyrte om, nemleg Rosengård.

Frå kontroll til tillit

Etter kapitlet om gjestfridom følgjer eit kapittel med avsluttande refleksjonar i Holmbergs avhandling. Her blir lesaren presentert for ei kyrkje som er med i staden for den kyrkja som er for. Holmberg teiknar konturane av kyrkjer som har gått frå kontroll til tillit, frå å vere sjølvtilstrekklege til å vere avhengige av. Igjen kjem Ann Aldén på banen, men det mest interessante i dette kapitlet synst eg er bruken av Michel de Certeau sin teori om tilhøve mellom ulike aktørar i samfunnet. Fleire teologar har gjort bruk av hans sontring mellom strategi og taktikk (side 329ff). Strategi kjem frå makt og etablerte institusjonar mens taktikk vil vere ein måte å overleve på for

dei utan makt. Holmberg viser til Jan Eckerdal og er samd i at omgrepsparet strategi og taktikk er krevjande å bruke på svensk, då omgrepa ofte blir nytta som synonym. Men om omgrepa skal brukast, hevdar Holmberg at mykje av Svenska kyrkan sitt arbeid enno er prega av ein strategisk handlemåte. Denne strategiske posisjonen hørde den konstantinske kyrkja til. Svenska kyrkan i dag bør finne meir saksvarande taktikkar å handle utifrå. Dette vil bestå i å finne fram kreative måtar å møte terrenget slik det no framtrer.

Holmberg har gjennom denne avhandlinga presentert lesaren for svenskkyrkjelege kyrkjelydar som er på ei reise. Reisa har medført at den tradisjonell svenskkyrkjelege posisjonen med føreseielege planar, kontroll og overblikk alt meir har vike. Kontrollen har svikta/bresta, overblikket er begrensa og heile situasjonen er uføreseieleg (side 340). Denne utviklinga inneber at reglar, retningslinjer og policy til ein viss del får vike for fleksibilitet og ei eiga evne til å handle ad hoc. Dette er nemleg ei reise som er tufta på tillit.

Når Holmberg mot slutten gjer greie for det han kallar den teologiske grunnen, viser han igjen til Eckerdal. Denne delen får nesten form av ei andakt og er nokså fromt. Det er oppbyggeleg å lese, men er kanskje ikkje heilt naudsynt i ein avhandlingssamanheng.

Skilnad mellom Oslo og Sverige

For ein lesar frå Oslo bispedømme er det, som eg allereie har ymta frampå om, ein viktig skilnad mellom Holmberg sine kyrkjelydar og våre. Holmberg skildrar kyrkjelydar med eit stort innslag av katolikkar og ortodokse. Dei vel å gå

i den lokale kyrkja fordi ho ligg såpass nære der dei bur. I kyrkjene er det sett fram ikonar og lystningsstader og anna, som det verkar som at nett desse gruppene set pris på. Kan det vere at det religiøse mangfaldet er annleis i Oslo, og at vi derfor må tenkje annleis? Eg undra meg først over at dette berre handla om kristne ortodokse og syrarar som flyttar inn. Men eitt av kapitla tek også opp at til dømes sikhar og muslimar også er ein del av kyrkjelyden og belyser det religionsteologisk på ein lett tilgjengeleg og pastoral måte.

Frå Holmbergs levde ekklesiologi veks det fram nye omgrep som «luthersk pankristna församlingar» og «kyrkofolksekumenikk» og karakteriseringar som «från kontroll tillit», kyrka «med» i stället for kyrka «för.» Dette er ei svært lesarvennlig avhandling. Holmberg leier oss trygt igjennom eit spennande landskap i endring. For min del kunne eg ønske at den fruktbare spenninga mellom Holmbergs posisjon og det som har vore fokuset i Trygve Wyllers arbeid utifrå eit liknande materiale, kunne vore løfta fram meir. Men det er kanskje ei oppgåve for oss som norske lesarar og brukarar av denne avhandlinga?